

ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2017



Foto: Jo T. Lyngved



Årsmøtet blir halde laurdag 21. april 2018 kl. 10.00 på Skjåk Turistheim

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar og sekretær
3. Val av 2 av dei frammøtte bruksberettiga til å skrive under protokollen
4. Årsmelding og rekneskap for 2017
5. Styret sine planar for det komande året
6. Fastsetjing av godtgjersle i 2018 for styremøte og andre møte, og fast godtgjersle til styreleiaren
7. Oppnemning av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjonsarbeid
8. Handsaming av evt. innkomne saker (må leverast skriftleg på almenningkontoret seinast 1 veke før årsmøtet)
9. Val

Valet er ein integrert del av årsmøtet. Dvs. at vallokalet opnar når årsmøtet kjem til dette punktet i saklista og vallokalet stengjer når årsmøtedeltakarane på årsmøtet er ferdig med å stemme. Det blir gjeve moglegheit for at andre bruksberettiga, som ikkje deltek på sjølve årsmøtet, skal få stemme i dette tidsrommet.

Valkomiteen har kome fram til følgjande 6 kandidatar til almenningstyret og 6 kandidatar til valkomiteen, alle har takka ja til å stille til val. Namna er lista opp alfabetisk

Styret
Fjerdingsren, Arnstein
Haugen, Roger
Johnsgard, Liv Mona
Løkken, Ragnhild
Plassen, Rune
Vange, Vidar

Valkomite
Andersbakken, Siv
Gjeilo, Tore
Maurstad, Liv Oddrun
Skjelkvåle, Rikard
Sæther, Hans
Ørjasæter, Per Øyvind

Kunngjering av valresultat på same stad ca. kl. 14.00.
Underskriving av protokollen.
Årsmøtet slutt.

Styret for Skjåk Almanning

*Skjåk Almanning - til det beste for jordbruket
og til glede for alle*

ÅRSMELDING 2017

1. STYRET

Almenningsstyret

Kjell Egil Ramstad (styreleiar)	2016-2020	Liv Mona Johnsgard	2014-2018
Mona H. Grimstad (nestleiar)	2016-2020	Rune Plassen	2014-2018
Kjell Aaboen	2016-2020	Ragnhild Løkken	2014-2018
Tordis Brandsar	2016-2020		

Vara

Bjørnar K. Stenersen	2016-2020	Sæbjørn Forberg	2014-2018
Pål Eiesar	2016-2020	Vidar Vange	2014-2018
Else Mona Bjørnstad	2016-2020	Roger Haugen	2014-2018
Tone Heldal	2016-2020		



Styremedlemmar og varamedlemmar er valde for 4 år om gongen. Funksjonstida for styreleiar og nestleiar er 2 år.

Møter og synfaring

Det vart halde 9 ordinære styremøte i 2018, der det til saman vart handsama 46 saker. Ulike spørsmål har vore gjennomgått i styremøte i løpet av året og styret/deler av styret har delteke på arbeidsmøter og synfaringar i samband med bruksrettsspørsmål.

*(Almenningsstyret ved sidan av Aursjøhytta i samband med kjøp av denne. Tordis Brandsar er ikkje med på biletet.
Foto: Jo T. Lyngved)*

Representasjon

Skjåk Trelast AS	Kjell Egil Ramstad (styreleiar)
Bygger'n Skjåk AS	Kjell Egil Ramstad (styreleiar)
Breheimen Nasjonalparkstyre	Birgit Bilstad
Reinheimen - Breheimen Villreinutval	Jo Trygve Lyngved (styreleiar) og Kjell Egil Ramstad
Bruksrettsutval	Kjell Egil Ramstad, Mona Haugen Grimstad og Ragnhild Løkken.
Rådgevingande utval Reinheimen Nasjonalpark	Jo Trygve Lyngved
Rådgevingane utval Breheimen Nasjonalpark	Jo Trygve Lyngved
Skjåk Turløyper SA	Birgit Bilstad
AS Vågåfisk	Birgit Bilstad
Vedlikehaldsforeininga for Tundradalsvegen	Kjell Olstad

Skjåk Almenning har sekretærfunksjonen for Norsk Almenningsforbund.

Revisjon

Ernst & Young AS. Revisjons- og kontrollutval: Egil Mork, Lars Skrinde og Lars Petter Forberg. Dei vart valde for 2 år i 2017.

Tilsette

Almenningsstyrar
Utmarksrettleiar
Skogbruksleiar/naturopsyn
Kontormedarbeidar
Rekneskapsførar
Sekretær Norsk Almenningsforbund
Skogsarbeidar
Reinhaldar

Jo Trygve Lyngved
Birgit Bilstad
Kjell Olstad
Kari Elin Sperstad
Hans Skamsar
Sæbjørn Forberg
Sylfest Forberg
Ingrid Nyhus

Årsmøtet 2017

Årsmøtet vart halde på Skjåk Turistheim 27. april 2017. Det møtte 23 bruksberettiga, inkl. styret. Hans Skamsar og Jo Trygve Lyngved deltok frå administrasjonen.

2. BRUKSRETT

I samband med bruksrettsspørsmål har styret i 2017 spesielt arbeid med bruksrettssetrer. I sommar inviterte Skjåk Almennings, i lag med Eigarlag og Bruksrettslag, til seterdag på Billingen 11. juni. Her vart ulike problemstillingar knytt mot bruksrettsseter gjennomgått og det møtte omlag 40 personar. Styret vedtok i august eit seterrundskriv, der alle med bruksrett vart gjeve høve til å koma med attendemelding. Almenningsstyret mottok ikkje innspel. Seterrundskrivet skal vera ein arbeidsredskap og retningsline for styrearbeid vidare framover. Det har vore synfaring og kontroll av 3 bruksberettiga som har motteke bruksrettsytingar frå almenninga, ingen merknader vart gjeve her.

Før jul vedtok almenningstyret å gje ekstra tilskot for gjerding til dei med bruksrett i Skjåk Almennings. Dette gjeld for gardar og setrer i Skjåk, men også til dei som har seter i Finndalen eller på Neto.

I 2017 vart det sleppt 4 163 sau og lam, 668 storfe og 454 geit på utmarksbeite i Skjåk Almennings. Det var eit tap på 292 sauar, eller eit tap som utgjer ca. 7 %.

Samla ytingar til bruks- og eigedomsberettiga var i 2017 på kr. 1 689 381. I tillegg kjem verdien av utmarksbeite som er stipulert til godt over kr. 2 300 000 (tal frå landbrukskontoret).

3. SKOGEN


Skogbruksplanen frå 2015 viser eit produktivt skogsareal på 82 051 daa, der 1 718 daa utgjer MIS-områder (miljøregistrering i skog). I tillegg er om lag 54 000 daa skogsareal verna gjennom naturvernlova og naturmangfaldlova. Almenninga er medlem av Mjøsen Skogs PEFC gruppeordning og følgjer Norsk PEFC skogstandard. Årleg tilvekst er 15 098 m³, medan årleg hogstkvantum ligg på om lag 11 000 m³.



(Godt tilslag på furuplante i kabelkranflata i Bjøymaskriu. Furuplanta blir innsådd og utplanta når den er 1 år. Biletet, som er teke i slutten av oktober 2017, syner veksten på ei plante som er sett ned på forsommaren same året. Foto: Jo T. Lyngved)

Hogst

Innmålt kvantum i 2017 var 10 043 m³, der furu utgjør 100%. Av dette volumet var 62 % sagtømmer, medan resten var slip og anna vrykje. Av dette volumet utgjør tynningshogst 340 m³, medan kabelkranhogst kom på 1 386 m³. Snittprisen på skurtømmer og slip var høvesvis 429 kr/m³ og 193 kr/m³. Sagtømmeret går til Skjåk Trelast AS (54%) og Moelven (46 %). Slipkvantumet som blir levert lokalt (Skjåk Trelast AS og slip til dei bruksberettiga) utgjør berre 5 %, medan 95 % går til Stora Enso i Sverige.



(Innmålt hogstkvantum 2007-2017, fordelt på slip og skurtømmer. Det høge volumet i 2012 er etter stormen Dagmar.)

Skogkultur

Nyplanting er utført på 360 daa, der det er planta 62 080 planter av A6 (11 700), A7 (33 780) og A8 (16 600) Skjåkproveniensen. I tillegg er det planta 500 granplanter. Kostnaden er 5,06 kr/plante. Det er utført ungskepplering på 960 daa, med ein kostnad på 425 kr/daa. I tillegg er det førehandsrydda 161 daa. Det er ikkje utført markberedning eller gjødsling i 2017. Kostnader er før eventuelle tilskot.

Veganlegg

Av vegbygging er opprusting av vegen i Bråtå bakside til vegklasse 3 starta opp hausten 2017. Vegen går frå Heggebakken og vestover til Kollungselva, i alt 3 450 m. Nybygg av Slirstrandvegen har planlagt byggjearbeid 2018. Det er elles utført vedlikehaldsarbeid som grøfterensk og utskifting av stikkrenner.

4. UTMARK

Storvilt

2017 var siste året av bestandsplanperioden på 3 år for elg, hjort og rådyr. Pga. av store bestandar vart fellingskvotene ytterlegare skruva opp.

	Elg	Hjort	Villrein	Rådyr
Kvote	66 (57)	50 (50)	417 (376)	50 (61)
Felt	69 (55)	39 (46)	305 (295)	22 (20)
Fellingsprosent	100 (96)	78 (92)	73 (78)	44 (33)
Kg. kjøtt	8 779 (7 357)	2 440 (2 683)	Ca. 12 250 (10 500) stipulert	300 (300) stipulert

(Nøkkeltal frå storviltjakta i Skjåk Almenning 2017. Tal frå 2016 i parentes. Bruk av skrapdyrkvote gjorde at uttaket av elg var høgare enn kvota.)


Resultatet frå sett elg/sett hjort etter jakta 2017, attendemeldingar frå jegerar, samt det generelle inntrykket, viser viltrike bestandar av både hjort og elg. I 2017 vart det gjennomført beitetaksering i Skjåk kommune. Dette var eit samarbeid mellom Skjåk kommune, Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd. Resultatet viser at beitepresset på furu i gjennomsnitt er under kritisk nivå, men at det er fleire ungskogbestand i Skjåk der beitenivået er over kritisk nivå. Vinterbestanden av elg i Skjåk er større enn ynskjeleg, og det må difor gjennomførast tiltak for å redusere antalet.



Bilete frå minimumsteljing på villrein mars 2017. Foto: Jo T. Lyngved

Når det gjeld viltpåkøyrslar (der utfallet er avliving) og irregulær avgang blir tala for 2017 fordelt slik: **67** (72) dyr; **25** elg (33), **14** hjort (12), **26** rådyr (20) og **2** villrein (7) - (tala frå 2016 i parentes). Tala gjeld for heile Skjåk, og er minimumstal.


Villreinjakta 2017 gjekk føre seg på det jamne, men totalt for heile villreinområdet var fellingsprosenten (63 %) lågare enn gjennomsnittet. For Skjåk Almenning sin del ende fellingsprosenten på 73 % med slik fordeling: nordområdet 59 %, søraustområdet 88 % og sørvestområdet 96 %. For andre året på rad vart det arrangert jaktkurs på villrein, der fyrstegongsjegerar i alle aldrar kunne delta etter «fyrstemann til mølla prinsippet». Basen for kurset var Sota Sæter, og jakta føregjekk på sør-aust. Kurset var fullteikna med i alt 9 personar, og 4 av 4 dyr vart felt.



Totaltvote, felte dyr og fellingsprosent for villrein i Skjåk Almenning 1997-2017. Tala i overkant av søyla er kvote det enkelte år.

Fiske

Sesongen 2017 kom seint i gang på grunn av sein isgang i fjellvatna og samanlikna med året før var det ei marginal auke i fiskekortsalet. Til saman vart det sett ut 3 600 aure, der 2 300 stk. toårig settefisk vart køyrd ut på vinteren, og 1 300 stk. 2-somrige vart bore ut av friviljuge til 15 ulike vatn i august.




Sal av fiskekort 2007 – 2017

Av rekrutteringstiltak retta mot born og unge har Skjåk Almenning vore med på fiskedag i samarbeid med Fjellgeita og Skjåk jeger- og fiskarlag i juni.

I 2016 drog vi gang eit 3-årig rekrutteringsprosjekt på jakt og fiske i samarbeid med Oppland JFF, med midlar frå Skjåk kommune og Breheimen Nasjonalparkstyre. I juli vart det arrangert ein 3 dagar lang fiskecamp i Breheimen, samt ein jaktcamp over 4 dagar i Breheimen i august/september.

Fiskecampen var vellykka for dei som deltok, men vi hadde gjerne sett at det vart fleire påmeldte. Jaktcampen vart fullteikna med folk frå heile landet, og deltakarane felte 4 av 4 dyr.



Utvikling i sal av kategoriar fiskekort til utanbygds 2010-2017.

Småvilt

Også i 2017 har småroviltkampanjen vore vidareført, med hovudmål å stimulere til auka uttak av predatorar som rev, mår og kråkefugl. Kampanjen går ut på at jegerar sankar poeng ved uttak av nevnte artar og dei med mest poeng i løpet av jaktåret blir premierte. I tillegg vart det betalt ut skotpremie for 37 raudrevar, mot 46 i 2016. Skotpremien, som er på kr 300, er eit samarbeid mellom Skjåk Almenning, Skjåk Utmarksråd og Skjåk Beite- og Sankelag.

Etter attendemeldingar om liten/ middels rypebestand hausten 2016, vart det vidareført restriksjonar på område som vart opna for vinterjakt 2017. Det mest vegnære og lettast tilgjengelege området langs rv15 frå Billingen og vestover til fylkesgrensa vart stengt for vinterjakt, men innanbygdsbuande hadde framleis eit tilbod i resten av Skjåk. Det freda området er også det beste vinterhabitatet for lirype i Skjåk og det samlar seg svært mykje lirype her om vinteren.

Det vart middels gode forhold for både klekking og kjuklingar sommaren 2017. Rypetaksering vart gjort av lokale fuglehundekvipasjar i august, og viste brukbart store kull med middels store kjuklingar, men med lokalt store variasjonar. Dette medførte at ein vidareførte strenge restriksjonar også i 2017, med dagskvote på 1 lirype og 1 fjellrype per jeger per dag, og inntil 5 ryper per jeger per sesong. Sal av jaktkort til utanbygdsbuande vart avgrensa og avslutta i starten av oktober. På grunn av forlenga villreinjakt vart jaktstarten på rype utan hund fastsett til 15/9.

For jaktåret 2017/2018 vart det seld 82 kort til innanbygdsbuande, fordelt på 44 sesongkort, 14 smårovviltkort, 8 halvsesongkort haust og 16 halvsesongkort vinter. Innanbygds som kjøper jaktkort heldt seg nokolunde stabilt frå året før. Harebestanden har dei siste 4 åra vore svært liten etter harepest i 2011-2012. Nå er bestanden på tur oppover att, og det vart skote 12 harer jaktåret 2017/2018 i Skjåk Almenning.

År	Antal jegerar	Jegerar som har rapportert	Rapporterte jakt dagar	Felte lirype	Felte fjellrype	Felt rype per jegerdagsverk
2014	337	68 %	799	270	373	0,8
2015	337	76 %	728	174	123	0,4
2016	344	81 %	635	211	172	0,6
2017	372	62 %	632	204	173	0,6


Nøkkeltal rypejakta 2014-2017

Hytter/feste

I 2017 har utleiehyttene vore mykje brukt, men den tidlegare aukinga kan sjå ut til å flate noko ut. Legerhytta er den med flest utleiedøgn (119), medan Raudalsbua er den med færrest (13). Utleige til folk busette i Skjåk utgjer 12 %. Skjåk Almenning har i løpet av 2017 forhandla fram avtale og kjøpt Aursjobrakka. Hytta har full standard med vatn, avløp og strøm, og blir ytterlegare oppgradert før sommarsesongen 2018.

På Billingen er ingen tomter eller visningshytta seld ved årsskiftet. Totalt er 12 tomter er seld.

I hyttfeltet på Liavatnet er all infrastruktur ferdig. Det er att 9 ledige tomter av opphavleg 21. I hyttfeltet på Grotli har Skjåk Almenning bora etter drikkevatt til den eine vassposten.



Urvikling utleiedøgn hytter/buer 2008-2017.

5. ØKONOMI

Rekneskap


Det samla driftsresultatet i 2017 kjem på kr. 3 128 695. Årsresultat, etter finanspostar og skatt, er kr. 3 733 085. Av årsresultatet går kr. 1 857 569 til fri eigenkapital.

Almenningsstyret meiner framlagt årsrekneskap for 2017, saman med styret si årsmelding, gjev eit rettvisande bilete av driftsresultatet og den finansielle stillinga til Skjåk Almenning ved utgangen av året. Grunnlaget for vidare drift er tilstades, og årsrekneskapen for 2017 er sett opp under denne føresetnaden.

Bidrag

Skjåk Almenning yter store bidrag til dei bruks- og eigedomsberettiga. Figuren nedanfor viser bidraget gjennom kontantutbyte, bruksrettsrabatt og kvantumsrabatt, og totalsummen av dette utgjorde kr. 1 689 381 i 2017. Kvantumsrabatt frå Skjåk Trelast AS kjem i tillegg til dette.

I tillegg til desse ytingane bidreg Skjåk Almenning med betydelege goder til bygda. Det er løyvd støtte til ulike vegprosjekt, og almenninga bidreg med 25 timar med høvling av Sotvegen kvart år. Det er løyvd kr. 100 000 til Skjåk Turløyper SA for løypekøyning sesongen 2017/2018. Bygdefolket har også rimelegare tilgang på jakt, fiske og hytteleige enn utanbygds, noko som utgjorde omlag kr. 1 300 000 i 2017.



Bruksrettsytingar og antal bruk med røysterett i Skjåk Almenning 2007-2017.

Industrielt eigarskap

Skjåk Trelast AS med Bygger'n Skjåk AS:

Årsresultatet i 2017 ved Skjåk Trelast AS ende med kr. 354 188 i overskot. Driftsresultatet var også positivt. Det positive resultatet kjem av reduserte kostnader og auka margin, medan omsetninga var marginalt lågare enn året før. Almenningsstyret evaluerer sin eigarmelding til Skjåk Trelast AS ein gong pr. år og har elles kontinuerleg fokus på sagbruksdrifta.

Skjåk Trelast AS har lån frå Skjåk Almenning på totalt kr. 3 950 000. I tillegg kjem aksjekapital på kr. 7 106 000. For Bygger'n Skjåk AS var 2017 eit svært godt år, med

rekordhøg omsetning. Omsetninga var på kr. 24 648 101, medan det rekneskapsmessige overskotet kom på kr. 1 088 983.

Skjåk Almenning ynskjer å vera med på utvikling i Skjåk. Industriengasjementa til almenninga er krevjande. Regionen er dessverre prega av lite aktivitet og næringsutvikling, samt lite risikokapital. Engasjement og deltaking i lokal næringsutvikling medfører nødvendigvis ein viss risiko for Skjåk Almenning.

Diverse

I 2017 vart avkastning av fond brukt slik (sjå eigen tabell i notene):

Erstatningsfond Øvre Otta

- Kr. 100 000,- til skogkultur

Skjåk Almennings Utviklingsfond

- Kr. 125 000 fordelt på: kr. 100 000,- til Skjåk Turløyper for sesongen 2017/2018 og kr. 25 000 som tilskot til eit pågåande massivtreprosjekt.

Siste halvår av 2017 har Skjåk Almenning arbeidd aktivt for å kunne levere fjernvarme basert på brenselflis til industriområdet i Bismo. Det er prosjektert å kople på dei sentrale aktørane (forbrukarane) i industriområdet, samt Skjåkheimen. Det er ikkje avgjort noko ved årsskiftet, men fleire private aktørar har skrivne under intensjonsavtale. Skjåk kommune har ikkje teke stilling til om dei vil kople på Skjåkheimen eller ikkje, men almenningsstyret håpar kommunepolitikarane ser verdien i eit slikt lokalt varmeanlegg.

Almenningsstyret har vedteke å kjøpe fleire andelar i Mjøsen Skog SA, utover dei obligatoriske almenninga har frå før. Før jul i 2017 vart det kjøpt 205 tilleggsandelar, og pr. 31.12. har Skjåk Almenning andelar for kr. 563 750 i Mjøsen Skog SA.

Skjåk Almenning har i 2017 leigd ut arbeidskraft til SNO (150 t), Skjåk Trelast AS (225 t), Byggern'n Skjåk AS (166 t) og Norsk Almenningsforbund (372 t).

6. ANDRE OPPLYSNINGAR

Arbeidsmiljø

I medhald av gjeldande lover og forskrifter fører verksemda oversyn over totalt sjukefråvær. I 2017 var sjukefråveret på 0,42 % av mogleg arbeidstid, mot 0,8 % året før. Skjåk Almenning er medlem i Frisk HMS Gudbrandsdal.

Skjåk Almenning hadde pr. 31.12.2017 tre kvinnelege medarbeidarar, den eine på deltid som reinhaldar. I almenningsstyret er 4 av 7 medlemmar kvinner. Personalpolitikken vert rekna som kjønnsnøytral på alle område.

Ytre miljø

Grunnlaget for skogbruket i Skjåk Almenning er nedfelt i skogbruksplan frå 2015. I planen er MIS-registreringar og kartlegging av biologisk viktige område (BVO) nedfelt. Prinsippa i Levende Skog er utgangspunktet for drifta i skogen, og blir kvalitetssikra gjennom systemet for miljøsertifisering (PEFC) i Mjøsen Skog SA.

Verksemda i almenninga fører ikkje med seg forureining av det ytre miljøet meir enn det som fylgjer av den vanlege skogsdrifta, med utslepp til luft frå skogsmaskiner og motorsager. Det vert nytta miljøbensin til motorsagene.

7. UTSIKTENE FRAMOVER

Skjåk Almenning er ein stor og samansett eigedom der fleire grupper har ulike interesser i almenninga. Dette gjer drifta krevjande og set store krav til styret og dei tilsette.

Skogsdrifta framover vil vera tufta på ressursgrunnlaget og kva som er lagt til grunn i skogbruksplanen. For å drive skogen på ein tilfredstillande måte krevst det høg innsats på skogkultur. Skogsbilvegnettet til almenninga er greitt, men både opprusting og nybygging lyt til for å drive skogen meir optimalt. Skogsressursen ser ut til å styrke seg som miljøprodukt på fleire måtar, både som bygningsmateriale, men også for industri. Det verkar som om det er meir vilje til å satse på skog, og trenden i samfunnet går mot auka bruk av tre. Bruk av massivtre i bygg er eit eksempel på dette. Sjølv om det er fleire ljospunkt har dette ikkje enda gjort seg utslag i tømmerprisen. Med utbygging av treforedlingsindustri i Sverige og auka kapasitet er det sannsynleg med høgare tømmerpriser i 2018, spesielt gjeld dette slip.

Som eit ledd i å styrke drifta på Skjåk Trelast AS har Skjåk Almenning teke initiativ til å realisere eit flisfyringsanlegg i Bismo. Målsetnaden er å kople på sentrale private aktørar i industriområdet og omegn. Det er også ein målsetnad å kople på Skjåk kommune med Skjåkheimen. Dette vil vera eit svært positivt bidrag for Skjåk Trelast AS, samstundes som eit slikt anlegg vil skape betydeleg lokal aktivitet og verdiskaping. I tillegg har dette ein klimagevinst med at ein kan bruke lokalt trevrk i staden for at dette blir sendt med lastebil og tog til Sverige.


Utmarka gjev gode og betydelege bidrag til drifta. Villreinjakt er meir populær enn nokon gong og Skjåk er et attraktivt område å jakte i. Viltsjukdommen CWD dukka opp sommaren 2016 i Nordfjella villreinområde. Frå høgaste hald vart det vedteke å skyte ned denne villreinstamma fullt og heilt, eit arbeid som har pågått i 2017 og vil bli fullført våren 2018. I vårt område er sjukdommen heldigvis ikkje påvist, men det er førespeila at all villrein som blir felt i 2018 skal prøvetakast. Det er med spenning vi ventar på resultatet.

Bismo, 31. desember 2017


20. mars 2018

I styret for Skjåk Almenning


Kjell Egil Ramstad
(Styreleiar)



Kjell Aaboen



Tordis Brandsar


Mona Haugen Grimstad
(Nestleiar)


Ragnhild Løkken


Sæbjørn Førberg


Rune Plassen


Jo Trygve Lyngved
(Almenningsstyrar)

SKJÅK ALMENNING

RESULTATREGNSKAP 2017

	Note	2017 (hele kr)	2016 (hele 1.000)
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
DRIFTSINNEKTER			
Salgsinntekter	13	14 841 160	15 948
Brukt skogavgift vedr. drift	8	1 405 503	1 695
Andre driftsinntekter		567 546	1 298
SUM DRIFTSINNEKTER		16 814 209	18 941
DRIFTSKOSTNADER			
Forbruk av varer og tjenester	13	4 811 974	6 364
Lønnskostnader	2,13	3 299 143	3 432
Ordinære avskrivninger	3,13	397 200	381
Skogavgift	8	1 168 000	1 025
Andre kostnader	2,13	4 009 195	4 316
SUM DRIFTSKOSTNADER		13 685 511	15 518
DRIFTSRESULTAT	13	3 128 695	3 423
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Aksjeutbytte		10 719	9
Renteinntekter ansvarlig lån datterselskap	9	77 663	49
Andre renteinntekter		778 945	776
Andre finanskostnader		-6 217	-14
Gevinst salg aksjefond		0	2
NETTO FINANSINNEKTER		861 110	822
ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		3 989 805	4 245
Skattekostnad på ordinært resultat	1	256 720	94
ÅRETS RESULTAT		3 733 085	4 151
DISPONERING AV ÅRETS RESULTAT			
Ytinger:			
Bruksrettrabatter	10	593 808	626
Kontantutbytte	10	593 808	626
Kvantumsrabatter	1	501 765	508
Sum ytinger		1 689 381	1 760
Andre disponeringer			
Overført erstatningsfond Øvre Otta	11	67 939	72
Overført utviklingsfond	11	100 864	108
Overført verneområdeerstatning	11	17 332	18
Overført fri egenkapital	14	1 857 569	2 193
SUM		3 733 085	4 151

BALANSEKONTO PR. 31. DESEMBER 2017

EIENDELER

	Note	2017	2016
		(hele kr)	(hele 1.000)
ANLEGGSMIDLER			
Innkjøpt grunn		126 999	127
Bygninger	3	4 151 400	3 803
Opparbeidingskostnader hyttefelt L		497 000	497
Opparbeidingskostnader hyttefelt B		3 233 506	3 234
Maskiner, inventar og transportmidler	3	273 000	192
Aksjer, aksjefond og andeler	4,9	10 480 751	8 719
Ansvarlig låneinnskudd datterselskaper	9	3 950 000	4 250
SUM ANLEGGSMIDLER		22 712 655	20 822
OMLØPSMIDLER			
Hytte Billingen Hyttefelt	5	2 314 846	2 289
Kundefordringer	6,9	987 846	792
Andre kortsiktige fordringer		705 910	323
Bankinnskudd	7,11	33 602 011	33 863
Bankinnskudd bundne fond	11	10 177 360	10 234
Kasse		2 000	2
SUM OMLØPSMIDLER		47 789 974	47 503
SUM EIENDELER		70 502 629	68 325

BALANSEKONTO PR. 31. DESEMBER 2017

EGENKAPITAL OG GJELD

	Note	2017	2016
		(hele kr)	(hele 1.000)
EGENKAPITAL			
Bunden egenkapital			
Andelskapital	12	233 600	234
Erstatningsfond Øvre Otta	11	4 086 869	4 119
Utviklingsfond	11	6 090 521	6 115
Skogavgiftskonto	8	159	0
Sum bunden egenkapital		10 411 149	10 468
Fri egenkapital			
Verneområdeerstatning	11	18 250 047	18 233
Fri egenkapital	14	37 526 918	35 109
Årets resultat	14	1 857 569	2 193
Sum fri egenkapital		57 634 534	55 535
SUM EGENKAPITAL		68 045 683	66 003
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld	9	519 007	556
Skyldig skattetrekk	7	216 838	213
Skyldig feriepenger inkl. arbeidsgiveravgift		337 826	332
Skyldig arbeidsgiveravgift		49 948	48
Skyldig merverdiavgift		0	161
Påløpt ikke utlignet skatt	1	250 000	103
Avsatt til kontantutbytte	10	593 808	626
Annen kortsiktig gjeld		489 520	284
SUM GJELD		2 456 946	2 323
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		70 502 629	68 325

Bismo, den 31. desember 2017

20. mars 2018

I styret for Skjåk Almennig

 Kjell Egil Ramstad
 Ragnhild Løkken
 Sæbjørn Forberg
 Måna Haugen Grimstad
 Styreleder Nestleder

 Tordis Brandsar
 Kjell Aaboen
 Rune Plassen

 Hans Skamsar
 Økonomileder

 Jo Trygve Lyngved
 Almenningsbestyrer

NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2017

Note 1: Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med god regnskapsskikk for små foretak. Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres.

Varige driftsmidler med levetid over 3 år og kostpris som overstiger kr 15.000,- avskrives lineært over forventet økonomisk levetid. Direkte vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under andre driftskostnader. Gevinst eller tap ved avgang av driftsmidler føres under henholdsvis driftsinntekter og driftskostnader. Varer er vurdert til det laveste av gjennomsnittlig anskaffelseskost og virkelig verdi. Kundefordringer og andre fordringer er oppført til pålydende etter fradrag for avsetning til forventede tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

Almenningen har beregnet skogavgift på avvirkningen etter gjeldende regler.

Det vises til egen note vedr. skogavgift.

Almenningens skattekostnad består av betalbar inntekts- og formuesskatt. Almenningen er skattepliktig for deler av sin inntekt og formue.

Almenningen har ikke forskjeller mellom skattemessige og regnskapsmessige verdier som medfører utsatt skatt. I den grad almenningen har nedskrevet finansielle midler regnskapsmessig, er den skattefordelen som måtte ligge i dette, ikke aktivert.

Note 2: Ansatte, godtgjørelser mv.

<u>Lønnskostnader</u>	<u>2017</u>	<u>2016</u>
Lønninger	2.849.710	2.990.054
Arbeidsgiveravgift	201.138	201.748
Pensjonskostnader	99.222	117.257
Andre ytelser	149.073	122.859
Sum lønnskostnad	3.299.143	3.431.918

Almenningen har i 2017 sysselsatt 6 årsverk.

<u>Godtgjørelser</u>	<u>Almenningsbestyrer</u>	<u>Styret</u>
Lønn	640.984	188.000
Andre ytelser	25.883	5.843

Revisjon- og kontrollutvalget/valgkomite

Kostnadsført honorar og bilgodtgjørelse revisjons- og kontrollutv. utgjør kr. 15.841 i 2017.

Kostnadsført honorar og bilgodtgjørelse valgkomite utgjør kr.0 i 2017.

Selskapet er pliktig til å ha tjenestepensjon etter lov om obligatorisk tjenestepensjon.

Foretaket har pensjonsordning som oppfyller kravene etter denne loven.

Revisor

Kostnadsført honorar for lovpålagt revisjon i 2017 utgjør kr 55.300,-ekskl. merverdiavgift.

Honorar for annen bistand utgjør kr 19.000,- ekskl. merverdiavgift.

NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2017

Note 3: Varige driftsmidler

Avskrivningsoversikt pr. 31.12.2017	Bygninger	Maskiner	Sum
Anskaffelseskost 01.01.	18.586.567	4.234.706	22.756.273
Tilgang	700.000	126.000	826.000
Avgang	0	0	0
Anskaffelseskost pr. 31.12	19.286.567	4.360.706	23.647.273
Avskrevet ordinært pr. 01.01	14.782.967	4.042.706	18.825.673
Avskrevet i året	352.200	45.000	397.200
Avskrevet ordinært pr. 31.12	15.135.167	4.087.706	19.222.873
Balanseverdi pr. 31.12	4.151.400	273.000	4.424.400
Prosentats for ordinær avskrivning	4-8%	10-33%	

Note 4: Aksjer, aksjefond og andeler

Aksjefond:

Kostpris	Bokført verdi	Kursverdi 31.12.
2.798.000	2.798.000	3.195.643

Aksjer/andeler:

Selskap	Eierandel	Antall aksjer	Pålydende	Bokført verdi
<i>Datterselskaper:</i>				
Skjåk Trelast AS	100,0 %	3.740	1.900	7.106.000
<i>Andre selskaper:</i>				
AS Vågåfisk	1,6 %	1	10.000	10.000
Gudbrandsdal Bedr.h. AS	0,54%	6.748		1
Skjåk Turløyper SA		2	1.000	2.000
Fishpot SA		1	1.000	1.000
Skjåk Mediautvikling AS		4	250	0
Mjøsen Skog SA				563.750
SUM				7.682.751

Note 5: Varebeholdninger

Hytte for salg	2.314.846
Sum varebeholdning	2.314.846

Note 6: Kundefordringer

	<u>2017</u>	<u>2016</u>
Mellomværende med bruksberettigede	225.264	207.334
Kundefordringer, eksternt	812.582	634.754
Brutto kundefordringer	1.037.846	842.088
Avsatt til tap	50.000	50.000
Bokført verdi kundefordringer	987.846	792.088

NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2017

